

## Mørehallen: Informasjon og retningslinjer for bruk av hallen.

Vedtekne av styret i Volda TI Fotball 3. juni 2014.

- 1) Reglane gjeld for alle brukarar av hallen, både grupper i VTI Fotball og andre leigetakarar. Er det aktuelt å be om unntak frå reglane må det sendast skriftleg førespurnad på førehand til styret i Volda TI Fotball.
- 2) Ansvar og drift: Mørehallen er eigd og driven av Volda TI Fotball. Banemeister på Volda Stadion har til dagleg ansvar for drift og tryggleik i hallen. Kontaktinformasjon er tilgjengeleg på oppslag i Mørehallen.
- 3) Brann: Mørehallen er utstyrt med brannvarslingsutstyr med alarm og direkte kopling til vakt. Det er brannslangar på alle veggjar.
- 4) Om brannalarmen går, eller om du oppdagar røyk eller brann i eller ved hallen:
  - a. Gi beskjed til alle som er i hallen.
  - b. Syt for at alle som er i hallen blir evakuert til ein trygg stad utanfor hallen.
  - c. Gi beskjed til brannvernet på tlf 110.
  - d. Prøv å slukke brannen om det kan skje på ein trygg måte.
- 5) Faklar, fyrverkeri og all anna bruk av open eld er strengt forbode å bruke i Mørehallen.
- 6) Utleige: På nettsida [www.vti-fotball.no](http://www.vti-fotball.no) finn du oversyn over kven som disponerer hallen, gjeldande ordensreglar, kontaktpersonar for utleige med meir.
- 7) Vilkår for utleige: Styret i Volda TI Fotball tildeler tider i hallen. Grupper i Volda TI Fotball har førsterett til trening og kamp. Andre leigetakarar søker styret om løyve til å leige hallen. Styret fastset retningslinjer for utleige.
- 8) Opning og låsing: Dørene i Mørehallen vert automatisk opna og stengde kl 16.00 og 23.00. Dei som har tinga tid til trening, kamp, turneringar eller andre arrangement har førsterett til bruk av hallen. Andre kan nytte hallen fritt om den er ledig. Ved arrangement utanom dei vanlege opningstidene får leigetakarar særleg tilgang via mobillås.
- 9) Lys: Du skruv på lyset med brytar ved inngangsdøra. Til vanleg vil berre halvparten av lampene verte skrudde på. Dette gjev godt nok lys til trening. Ved terminfesta kampar vil fullt lys bli nytta. Ver merksam på at når du skruv av lyset så vil ei lysrekkje framleis vere tent i 2 minutt før lyset sloknar av seg sjølv.
- 10) Kjeldesortering: Bruk søppelkassene på ein miljøvennleg måte.
- 11) Røyking og snus: Mørehallen er røyk- og snusfri arena.
- 12) Snus og spyting: Snus og spytteklyser blir ikkje borte av seg sjølv sidan det ikkje regnar inne i hallen og blir liggande til bana blir rensa. Bruk sunn fornuft.
- 13) Vatning: Det er ikkje lov å vatne kunstgrasdekket i Mørehallen. Vatning kan føre til at det blir danna helsefarleg muggsopp i eller under kunstgrasdekket.
- 14) Mat og drikke: Du kan ete og drikke på taket av huset i hallen, eller på tilviste stader under særlege arrangement. Husk å bruke søppelkassene.
- 15) Rydding: Alle grupper og leigetakarar har ansvar for å rydde etter seg – både på bana og i servicebygget. Dette gjeld også taperestar. Det skal ikkje ligge igjen NOKO i hallen når DITT lag forlet hallen. Om dette ikkje vert overheld av brukarane vil hallen verte stengt for daglig bruk / for det laget som ikkje held orden
- 16) Tjuveri: Du har sjølv ansvar for å passe på eigenlutane dine. Attglymte ting vert rydda bort og tekne vare på eit kort tidsrom. Ta kontakt med banemeister
- 17) Særlege omsyn: Utleige må ikkje skade kunstgrasdekket i Mørehallen. Om det skal nyttast større bilar, maskinar eller andre tiltak må det gå klart fram av søknad om leige av hallen kor tunge desse er. Maksimalt akseltrykk er til vanleg 1 tonn. Leigetakarar står ansvarleg for eventuelle skadar.
- 18) Hovudporten: Hovudporten skal til vanleg vere stengt. Porten er 4 meter brei og 4,5 meter.

VTI Fotballs generalsponsor:



Bli kunde i Sparebanken Møre



- 19) Oppvarming: Mørehallen vert varma opp ved hjelp av ein gassbrennar som vil bli starta når det er nødvendig ut frå temperatur og økonomi. Banemeister vurderer når gassbrennaren skal startast. Det er strengt forbode å røyke i området ved gassbrennaren eller gasstanken.
- 20) Teknisk rom: Uvedkomande har ikkje tilgjenge til teknisk rom.
- 21) Kjøken: Dei som leiger kjøken må rydde og vaske etter seg. Brot på dette medfører at vedkomande ikkje får leige kjøkenet seinare.
- 22) Toalett: Til vanleg er berre handicap-toalettet ope. Dei andre toaletta vert opna for FFO og ved behov under turneringar osv. Ver reinsleg. Bruk sunn fornuft.
- 23) Drikkevatn: Fyll drikkevassflasker frå krana i handikaptoalettet.
- 24) Garasje: Banemeister bestemmer kva som skal lagrast i garasjen i servicebygget.
- 25) Elektro/straum: Mørehallen har 240V anlegg.
- 26) Fangnett og målnett: Det er ikkje høve til å klatre i fangnetta og målnetta.